

Ein kan søka om lågare pris på SFO om hushaldet har låg inntekt.

Forskrift til opplæringslova slår fast at kommunen, etter søknad, skal gi reduksjon i foreldrebetalinga for skulefritidsordninga på 1.-4. trinn slik at den per elev utgjer maksimalt 6 % av inntekta til hushaldet om:

- a) Foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn 6% av inntektene til hushaldet det siste året
- b) Det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eit skuleår utgjer meir enn 6% av inntektene til hushaldet

[Forskrift til opplæringslova - Kapittel 1B. Skulefritidsordninga - Lovdata](#)

Du får ikkje automatisk lågare pris på SFO om du har låg inntekt. Du må sjølv søka dette. Ein søker om redusert pris via Visma Flyt Skole under «Søknader».

Inntekt som blir lagt til grunn

Foreldrebetaling for SFO blir rekna ut frå husstanden si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Ein husstand skal maksimalt betala 6% av si samla inntekt for kvart barn.

Definisjonen på ein husstand er ektefellar, registrerte partnarar eller sambuarar.

To ugifte personar over 18 år som bur saman, og har budd saman i ekteskapslikande forhold i minst 12 av dei 18 siste månadane, blir rekna som sambuarar.

Om barnet ikkje bur fast hos begge foreldra, er det den av foreldra som har barnet folkeregistrert hos seg som kan søka, og som er den husstanden foreldrebetalinga skal reknast ut frå.

Søknadsfrist

Når ein har fått plass på SFO kan ein søkja om redusert betaling. Frist for søknad til hovudopptaket er 1. mars. Ein kan og søkja plass i løpet av eit skuleår.

For søknadar som blir sendt før 1. august vil reduksjonen gjelde frå august månad og ut skuleåret.

For søknadar sendt 1 august eller seinare, gjeld vedtaket frå første heile månad etter at søknaden er sendt.

Du kan søkja om redusert foreldrebetaling heile året. Eit vedtak om redusert betaling gjeld frå månaden etter at søknad med fullstendig dokumentasjon er mottatt, og gjeld ut skuleåret.

Hugs at du må senda ny søknad for kvart skuleår.

Slik søker du

Sjå til at du har relevant dokumentasjon tilgjengeleg. Om inntekta er annleis enn det kjem fram av skattemeldinga, må du og leggja med dokumentasjon som syner dette. Det kan t.d. vera kopi av lønsslipp eller utbetaling/vedtak frå nav. Du kan leggja dokumenta med som digitale filer til søknadsskjema, eller du kan senda kopiar til skulen per post. Skulen kan ikkje behandla søknaden din før dei har fått dokumentasjon på inntekta til heile husstanden.

Logg inn på Visma Flyt Skole. Det ligg lenke på skulen si heimeside.

Vel «Søknader» i venstre meny, og «Søknad om redusert betaling»

Kva skjer vidare?

Når søknaden er behandla finn du svaret i Visma Flyt Skole under «Din søknadshistorikk»

Om dokumentasjonen er mangelfull eller du ikkje oppfyller kriteria, vil du få avslag på søknaden.

Du kan søkje på nytt når du har rett dokumentasjon.